

Tysdag får Uskedalen sirkusvisitt for andre gongen dette året, men det blir nok ikkje like mye oppstyr som det var då Arnardo var her 16. og 17. mai. Denne gongen er det Agora som kjem.

Direktøren sjølv, Jan Kjetil Smørdal, feirar i år 25 år som artist på slakk line og vil nyta høvet til å mimra litt. Ein annan artist som kjem til å imponera er kautsjukartist (slangemenneske) Christina, som er 14 år og frå Spania. Eldstemannen heiter Enrico Romero, han er verdskjend for sine prestasjonar på rullande rullar. Smørdal kjem også med elefantar, hunder og hestar – og